

**Helse- og omsorgsdepartementet**  
Postboks 8011 Dep

0030 Oslo

Vår dato: 23.02.2012  
Vår ref: 2012/407 - 3033/2012 / G21  
Dykkar ref:

### **Høringsbrev om revidert fastlegeforskrift**

— Stord kommune sender med dette vedlagt sak PS 5/12 om revidert fastlegeforskrift, som vart handsama i Komite for rehabilitering, helse og omsorg den 20.2.12.

Dette er høyringssvar frå Stord kommune.

Med helsing

Lars Helge Sørheim  
kommunelege

## Saksframlegg

Saksnr	Utval	Møtedato
5/12	Komit� for rehabilitering, helse og omsorg	20.02.2012

## REVIDERT FASTLEGEFORSKRIFT - H YRING

### Framlegg til vedtak:

Komite for rehabilitering, helse og omsorg st ttar vurderinga av framlegg til revidert fastlegeforskrift m.m. slik den ligg f re.

## Saksprotokoll i Komit  for rehabilitering, helse og omsorg - 20.02.2012

### Vedtak

Komite for rehabilitering, helse og omsorg st ttar vurderinga av framlegg til revidert fastlegeforskrift m.m., med desse endringane:

1. Etter 1. punktum i avsnittet "Kvalitetsarbeid",  
"Stord kommune er positiv til   styrka fokus p  kvalitet."

Under overskrifta "Styringsformer", setning som byrjar p  tredje line, fyrste avsnitt - Denne setninga vert tatt ut av uttalen:  
"Framlegget om   kunna..."

2. Komiteen vil be om at fastlegen sin reservasjonsrett blir teken vare p .

### Handsaming

Pkt. 1. vart vedteke med 8 mot 1 r yst (Helge E. Vie, H).

Pkt. 2. vart vedteke med 5 mot 4 r yster (Jorunn Fylkesnes, V, Andreas Larsen, AP, Henny F rland Berger, AP og Isabel Tofte, AP).

\* \* \*

Andreas Larsen (AP) - p  vegne av AP, KRF og V - la fram forslag til endringar, , slik dei ligg f re i pkt. 1.

Ola Malvin Lomheim (KRF) la fram forslag til tillegg, slik det ligg f re i pkt. 2.

tilgjenget og tidsbruk overfor utsette grupper som kronikarar, eldre med dårleg funksjon og folk som har problem med psykisk helse eller rus.

#### Kvalitetsarbeid

Kap. 4 i forskrifta gjer framlegg om fleire funksjons- og kvalitetskrav (§§17-31). Desse legg lite til rette for å integrera legetenesta betre i det andre kvalitetsarbeidet i kommunen og fangar truleg lite opp dei viktigaste måla for kvalitet og samhandling. Slike detaljerte og forskriftsfesta krav er i neste omgang vanskelege for kommunen å kontrollera, utan å måtta gå langt inn i legepraksisen og i den einskilde journalen.

#### Styringsformer

Stord kommune har fram til no lagt vekt på styringsform gjennom dialog og bygd på uformelle relasjonar, samtalar og gjerne personleg tillit. Dette er mogleg, og ofte ønskeleg, i kommunar med ein slik storleik. Framlegget om å kunna halda tilbake heile eller deler av basistilskotet er ein styringsreiskap som vert vanskeleg å praktisera rettvist, og det svekkjer grunnlaget for kvalitetsbetring.

Kommunen synest å få ansvar for pasienttryggleiken og at praksisen til legen er forsvarleg, ved å ha tilsyn med at forskrifta vert etterlevd. Dette er til vanleg eit ansvar som ligg til den einskilde verksemda og den einskilde helsearbeidar. Det er vidare regulert m.a. i Helsepersonellov, i krav til internkontroll og krav til fagleg forsvarleg verksemd. Tilsynsfunksjonen til Fylkesmannen er, som før, truleg meir tenleg som reiskap i slike høve.

Dei økonomiske kostnadene for kommunen for å oppfylla pålegg og måla med forskrifta, er sterkt undervurderte. Stord kommune er uroa over ulike auka statlege pålegg som kommunen ikkje vert sett i stand til å innfri. I tillegg vil pålegga krevja betydeleg auka legedekking i kommunane.

Forskrifta legg opp til mindre skilje mellom allmenntilleg og samfunnsmedisin ved at fastlegane kan ta over desse oppgåvene. Dette kan lett fragmentera og pulverisera det kommunale plan- og utviklingsarbeidet som i tida framover vil verta ei viktig oppgåve, der det trengst ei velfungerande kommuneoverlegerolle. Samstundes vil kommunane truleg gjera tilsynet med etterleving av forskrifta og pålegga til ei oppgåve for kommuneoverlegen. Denne tilsynsoppgåva kan verta ei svært krevjande rolle som neppe vil fremja rekruttering til samfunnsmedisinsk arbeid.

#### **Framlegg til vedtak**

Komite for rehabilitering, helse og omsorg støttar vurderinga av framlegg til revidert fastlegeforskrift m.m. slik den ligg føre.